



Innst. 52 S

(2014–2015)

Innstilling til Stortinget fra arbeids- og sosialkomiteen

Dokument 8:73 S (2013–2014)

Innstilling fra arbeids- og sosialkomiteen om representantforslag frå stortingsrepresentantane Fredric Holen Bjørdal, Dag Terje Andersen, Anette Trettebergstuen og Lise Christoffersen om strategi for betre arbeidsmoglegheiter for menneske med nedsett arbeidsevne

Til Stortinget

Sammendrag

I dokumentet fremmes følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringa utarbeide og på eigna måte leggje fram for Stortinget ein strategi for å sikre betre arbeidsmoglegheiter for menneske med nedsett arbeidsevne og i den samanheng vurdere følgjande:

- Følgje opp og vidareutvikle ungdomsgarantiane for dei under 30 år.
- Vidareutvikle «Jobbstrategien for personer med nedsatt funksjonsevne».
- Sikre fleire tilpassa arbeid i offentlig sektor for menneske med nedsett arbeidsevne.
- Utvikle fleire traineeprogram, nye utprøvningsjobbar og opplæringsstillingar, med vekt på grupper som i dag står utanfor arbeidslivet, særleg personar med psykiske lidningar og personar med nedsett funksjonsevne.
- Tiltak for å auke delen graderte sjukmeldingar.
- Utvikle fleire verkemiddel som kan understøtte framleis arbeidstilknytning i sjukepengeperioden og ei meir aktiv og understøttande rolle for arbeids- og velferdsetaten ved sjukefråver.

- Tiltak for å styrkje arbeidsgjevar sine insentiv til framleis tilknytning etter avslutta sjukepengeperiode.
- Sikre sjukmelde utan arbeidsgjevar ei god oppfølging frå Nav.
- Lågare inngangskrav i AAP-ordninga enn dagens krav om 50 prosent nedsett arbeidsevne for personar som har overgang frå sjukepengar.
- Gradering i AAP-ordninga til erstatning for dagens avkortingsreglar.
- Tiltak for raskare avklaring av personar på AAP, og vurdere om maksimal stønadperiode på fire år er høveleg.
- Eit meir aktivt oppfølgingsopplegg for mottakrarar av AAP.
- Arbeidsretta hjelp til personar med gradert uførepensjon.
- Vidareutvikle både tidsubestemt lønstilskot og tidsavgrensa lønstilskot.
- Sikre personar på attføring god individuell oppfølging og attføringsbedriftene føreseielege rammevilkår.»

Det vises til dokumentet for nærmere redegjørelse for forslaget.

Komiteens behandling

Komiteen ba i brev av 26. mai 2014 om statsrådens vurdering av forslaget. Statsrådets svarbrev av 10. juni 2014 følger vedlagt.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Dag Terje Andersen, Fredric Holen Bjørdal, Lise Christoffersen, og Anette Trettebergstuen, fra Høyre, Ste-

fan Heggelund, lederen Arve Kambe, Bente Stein Mathisen og Bengt Morten Wenstøb, fra Fremskrittspartiet, Hege Jensen og Erlend Wiborg, fra Senterpartiet, Per Olaf Lundteigen, fra Venstre, Gunhild Berge Stang og fra Sosialistisk Venstreparti, Kirsti Bergstø, vil understreke at man deler forslagsstillernes syn om å bedre arbeidsmulighetene for mennesker med nedsatt arbeidsevne, slik både regjeringen Solberg I har ambisjoner om og regjeringen Stoltenberg II hadde ambisjoner om.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, mener det er riktig å avvente en detaljert behandling av foreslåtte tiltak til regjeringens varslede nye forslag og tiltak foreligger. Da vil det også være mulig å få behandlet en rekke andre tiltak som ikke er omhandlet i representantforslaget, samt avholde høring i saken for å få gode innspill fra berørte organisasjoner.

Flertallet mener at en av hjørnesteinene i det norske samfunnet er høy sysselsetting. For den enkelte betyr det å ha en jobb både personlig utvikling, stabil inntekt og deltakelse på en sosial arena. For samfunnet er høy sysselsetting nødvendig for høy verdiskaping og for at finansieringen av velferdsordningene blir sterkere og tryggere. Flertallet deler regjeringens syn om at sysselsettingspolitikken skal bidra til lav arbeidsledighet og en stor og effektiv arbeidsstyrke. Flertallet mener det er en stor utfordring at så mange står utenfor arbeidslivet og mottar helserelaterte trygdeytelser. Noen grupper har vansker med å komme i arbeid, eller holde seg i arbeid over tid. Flertallet har notert seg at regjeringen vil arbeide på bred front for å inkludere flere i arbeidslivet. Flertallet mener velferdsordningene må innrettes slik at det lønner seg å jobbe, samtidig som politikken må bidra til å hindre utstøting fra arbeidslivet.

Flertallet viser til at arbeidsmarkedstiltak tradisjonelt har blitt brukt til å redusere passivitet og utstøting blant arbeidsledige personer når etterspørselen etter arbeidskraft har avtatt og ledigheten vært høy. Tiltaksnivået bør tilpasses situasjonen i arbeidsmarkedet. Arbeidsmarkedstiltak som bidrar til høyere kvalifikasjoner, kan øke overgangen til jobb etter at tiltaket er avsluttet. Samtidig kan deltakelse i arbeidsmarkedstiltak redusere jobbsøkingen og dermed føre til at det tar lengre tid å komme tilbake til jobb. Når etterspørselen etter arbeidskraft øker, bør det derfor legges mer til rette for jobbsøking og formidling av ledige til nytt arbeid. Ved årsskiftet 2013/2014 var om lag 208 000 personer registrert med nedsatt arbeidsevne, om lag 2 000 færre enn i fjor.

Flertallet viser til at regjeringen foreslo og fikk tilslutning i Stortinget til å styrke innsatsen overfor denne gruppen utover forslaget fra regjeringen Stoltenberg II. Flertallet viser til at det er anslått at noe over halvparten av personene som er registrert med nedsatt arbeidsevne, har behov for arbeidsrettet bistand. Stortinget vedtok et gjennomsnittlig tiltaksnivå på 57 700 plasser for personer med nedsatt arbeidsevne i 2014.

I representantforslaget er det foreslått en rekke tiltak som også er foreslått av regjeringen Stoltenberg II høsten 2013 i Meld. St. 46 (2012–2013) Flere i arbeid. Flertallet viser til at regjeringen trakk den stortingsmeldingen og signaliserte at man ønsket å fremme en ny sak med mer konkrete tiltak. I den nye meldingen vil det være en bred gjennomgang av arbeidsmarkedspolitiske strategier og tiltak for å medvirke til at flere kan delta i arbeidslivet, og hindre at arbeidstakere faller helt ut av arbeidslivet. Flertallet er fornøyd med regjeringens signaler om å legge økt vekt på å forbedre og utvikle virkemiddel som bedre legger til rette for bruk av ordinært arbeidsliv som kvalifiseringsarena, for eksempel gjennom økt bruk av lønnstilskudd.

Flertallet er kjent med at flertallet av dem som har nedsatt arbeidsevne er mottakere av arbeidsavklaringspenger (AAP). Den kommende stortingsmeldingen om arbeid vil blant annet gå igjennom ulike sider ved ordningen og den oppfølgingen som AAP-mottakerne får fra arbeids- og velferdsetaten.

Flertallet er også kjent med at i Meld. St. 46 (2012–2013) Flere i arbeid ble det blant annet foreslått å utvide målgruppen for garantiordningen for unge med nedsatt arbeidsevne. Dette fulgte regjeringen opp i statsbudsjettet for 2014, og flertallet har notert seg at statsråden vil fortsette arbeidet med garantiordningen for unge med sikte på å få til god måloppnåelse. Regjeringen har også videreført Jobbstrategien for personer med nedsatt funksjonsevne i 2014. Her blir det særlig satset på unge under 30 år for å få flere unge i jobb. Flertallet deler regjeringens ambisjon om å fortsette med Jobbstrategien.

Flertallet viser også til at regjeringen vil utvikle en ny og helhetlig politikk for personer som har svake grunnleggende ferdigheter. Kunnskapsdepartementet, Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet og Arbeids- og sosialdepartementet arbeider nå sammen om en melding til Stortinget. I denne meldingen vil regjeringen være svært opptatt av tiltak og strategier for personer uten fullført videregående opplæring. Flertallet imøteser et godt samarbeid på dette området.

Flertallet mener at mange gode tiltak kan iverksettes også uten stortingsmeldinger, og det er behov for raskt å komme i gang med nye ideer og bedre løsninger slik at flere som i dag står utenfor

arbeidslivet, kan komme i jobb. Flertallet mener det er påkrevd å forenkle regelverket for arbeidsmarkedstiltak slik at arbeidsgivere og arbeidssøkere lettere kan få oversikt over den hjelpen Arbeids- og velferdsforvaltningen kan gi, og at tiltakene kan bli enklere å benytte.

Flertallet viser til at statsråden har satt ned et eget Nav-utvalg som skal gjennomgå Arbeids- og velferdsforvaltningen, og spesielt se på Nav-kontorets innsats. Målet med dette arbeidet er å hjelpe flere fra trygd til arbeid. Ekspertgruppen vil arbeide frem til midten av mars 2015.

Flertallet viser til at statsråden mener representantforslaget reiser flere gode forslag for å nå målet om å få flere i arbeid, og deler dette synet. Mange av forslagene vil være aktuelle å drøfte i den nye meldingen.

På denne bakgrunn anbefaler flertallet at representantforslaget vedlegges protokollen.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti mener det var et feilgrep av regjeringen Solberg å trekke tilbake Meld. St. 46 (2012–2013) Flere i arbeid. For disse medlemmer er det en hovedprioritet å sette i verk reformer og tiltak for å støtte opp om arbeidslinja og målet om arbeid til alle. Disse medlemmer fremmer derfor et av de viktigste tiltakene i stortingsmeldingen fra regjeringen Stoltenberg II, fordi det ikke er rom for hvileeskjær i arbeidet med å få flere inn i arbeidslivet.

Disse medlemmer peker på en gunstig utvikling de siste årene på Navs virkefelt når det gjelder deltakelse i arbeidslivet for en rekke grupper. En rapport publisert i fagtidsskriftet *Arbeid og velferd* 2:2014 viser at stadig flere hjelpes ut av uførekøen og inn i jobb eller utdanning. Ikke siden 2001 har så få nordmenn stått utenfor arbeidslivet som følge av ulike helseplager.

Disse medlemmer merker seg at antallet uføre har gått ned fra 2013 til 2014. Stadig færre mottar sosialhjelp, stadig flere klarer seg selv. Sykemeldingene går ned som følge av godt samarbeid mellom partene i arbeidslivet. Likevel er det fortsatt utfordringer.

Statistikken for unge uføre viser ikke samme positive utvikling, men en svakt stigende tendens. Noe av dette forklares med høy tilstrømming av tidligere mottakere av arbeidsavklaringspenger som har gått ut hele maksimumsperioden på fire år. Her er det avgjørende at myndighetene inntar en aktiv og oppfølgende rolle. Et samlet grep fra regjeringen om tiltakene for å møte denne situasjonen blir avgjørende, dette kan oppnås gjennom blant annet en strategi for bedre arbeidsmuligheter for mennesker med nedsatt arbeidsevne. Denne strategien med tiltak mener

disse medlemmer er særlig viktig i lys av statsbudsjettet for 2015, der regjeringen i for liten grad satser på tiltaksplasser.

Disse medlemmer peker på at 17 pst. av uførepensjonistene er registrert med et arbeidstakerforhold. 73 pst. av de som mottar en gradert uførepensjon og 5 pst. av de med full uførepensjon var registrert med et arbeidstakerforhold i slutten av 2013. Selv om det har vært en positiv utvikling de siste årene, har Norge fremdeles et høyt sykefravær. Innsatsen for å redusere dette må sees i sammenheng med en god politikk for å hjelpe mennesker med nedsatt arbeidsevne til fortsatt å være yrkesaktive. Et arbeidsliv med høyt produksjonspress, lange arbeidsdager og usikkerhet rundt arbeidets varighet vil fungere utstøtende for dem som ikke er hundre prosent friske, raske, unge og kapable.

Politikerne, legene, arbeidsgiverne og arbeidstakerne har et felles ansvar for å få redusert sykefraværet. En videreføring av samarbeidet med partene i arbeidslivet, satsing på graderte sykemeldinger, samt en mer aktiv og understøttende rolle for arbeids- og velferdsetaten, mener disse medlemmer er en riktig retning å gå i.

Det må være et overordnet mål at personer med nedsatt arbeidsevne skal kunne delta i arbeidslivet, eventuelt kombinert med en gradert uføreytelse. For å oppnå dette målet bedre enn en gjør i dag, må det etter disse medlemmers syn komme på plass en tilknytningsstrategi, som sørger for at personer med helsemessige utfordringer blir i arbeidslivet med sin restarbeidsevne. Supplert med en inkluderingsstrategi som fokuserer på tilrettelegging for arbeidstakere med utfordringer, vil dette bidra til at folk er mer og lenger i inntektsgivende arbeid.

Disse medlemmer har for øvrig ingen merknader, viser til representantforslaget og fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringa utarbeide og på eigna måte leggje fram for Stortinget ein strategi for å sikre betre arbeidsmoglegheiter for menneske med nedsett arbeidsevne og i den samanheng vurdere følgjande:

- Følgje opp og vidareutvikle ungdomsgarantiane for dei under 30 år.
- Vidareutvikle «Jobbstrategien for personer med nedsatt funksjonsevne».
- Sikre fleire tilpassa arbeid i offentleg sektor for menneske med nedsett arbeidsevne.
- Utvikle fleire traineeprogram, nye utprøvningsjobbar og opplæringsstillingar, med vekt på grupper som i dag står utanfor arbeidslivet, særleg personar med psykiske lidingar og personer med nedsett funksjonsevne.
- Tiltak for å auke delen graderte sjukmeldingar.

- Utvikle fleire verkemiddel som kan understøtte framleis arbeidstilknytning i sjukepengeperioden og ei meir aktiv og understøttande rolle for arbeids- og velferdsetaten ved sjukefråver.
- Tiltak for å styrkje arbeidsgjevar sine insentiv til framleis tilknytning etter avslutta sjukepengeperiode.
- Sikre sjukmelde utan arbeidsgjevar ei god oppfølging frå Nav.
- Lågare inngangskrav i AAP-ordninga enn dagens krav om 50 prosent nedsett arbeidsevne for personar som har overgang frå sjukepengar.
- Gradering i AAP-ordninga til erstatning for dagens avkortingsreglar.
- Tiltak for raskare avklaring av personar på AAP, og vurdere om maksimal stønadperiode på fire år er høveleg.
- Eit meir aktivt oppfølgingsopplegg for mottakrarar av AAP.
- Arbeidsretta hjelp til personar med gradert uførepensjon.
- Vidareutvikle både tidsubestemt lønstilskot og tidsavgrensa lønstilskot.
- Sikre personar på attføring god individuell oppfølging og attføringsbedriftene føreseielege rammevilkår.»

Medlemen i komiteen frå Senterpartiet viser til rapporten «Den nordiske modellen mot 2030 – Et nytt kapittel?», sluttrapporten til det felles nordiske forskingsprosjektet «Forvitring eller fornying i Norden 2014–2030 – i kortform NordMod» – som har sett på korleis nasjonale og internasjonale endringar påverkar «den nordiske samfunnsmodellen». Samarbeidskomiteen for arbeidarrørsla i Norden (SAMAK) har vore oppdragsgjevar for prosjektet, i samarbeid med Foundation for European Progressive Studies (FEPS). I sluttrapporten står det m.a. følgjande under «Arbeidsinnvandring og press på den nordiske modellen»:

«Arbeidsinnvandringens konsekvenser for den nordiske modellen har først og fremst sammenheng med hvordan den påvirker økonomien og arbeidsmarkedets funksjonsmåte. Rekrutteringen av arbeidsinnvandrere er gjerne sterkest i bransjer med små kvalifikasjonskrav, manuelt arbeid, lav organisasjonsgrad, og dårlige lønns- og arbeidsvilkår. Dette kan føre til at systemet for lønnsdannelse svekkes, produktivitetsveksten reduseres, at lønnsgolvet brekker opp og at lønns- og inntektsforskjellene øker. Forskning fra Norge viser at økt innvandring har en målbar effekt på lønnsnivået (Bratsberg & Rauum 2013). Konsekvensen av dette kan i neste omgang være større inntektsulikhet. En annen konsekvens er at skjerpet konkurranse om de lavest lønte jobbene kan øke risikoen for utstøting av svake grupper fra de nordiske arbeidsmarkedene (Friberg 2013; Ugebrevet A4 15-10-2014).»

Denne medlemen viser vidare til NOU 2013: 13 Lønnsdannelsen og utfordringer for norsk økonomi der utvalet vurderer konsekvensen av innvandringa frå Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EØS) på den norske arbeidsmarknaden slik:

«Det «grenseløse arbeidsmarkedet» i Europa har gitt både nye muligheter og nye utfordringer for norsk økonomi. Utenlandske individer kan jobbe i Norge som direkte ansatte i norske virksomheter, som innleid arbeidskraft, som ansatte i utenlandske bedrifter som yter tjenester her, eller som selvstendig næringsdrivende som selger sin arbeidskraft til virksomheter i Norge. For arbeidsgiverne kan det være lønnsomt å bruke de billigste alternativene, som innebærer de laveste kostnadene for virksomhetene. Dette kan imidlertid undergrave ordninger som motvirker lavlønnskonkurranse, og dermed føre til sterkere fortrenkning av bosatte arbeidstakere, både norskfødte og tidligere innvandrere, og ramme virksomheter med vanlig norsk lønnsnivå. Det vil videre etter utvalgets mening være behov for stadig forskning og evaluering av hvordan ulike ordninger rettet mot innvandrere fungerer og vilje til å endre regelverk og ordninger som ikke fungerer så godt.»

Denne medlemen vil også visa til at same rapport under «Samfunnsøkonomiske konsekvenser av arbeidsinnvandring» poengterer at «Økt konsentrasjon av innvandrere i enkeltbransjer kan føre til økt segregering og skjevare inntektsfordeling».

Denne medlemen viser vidare til at Stein Reegård, sjeføkonom i Noregs største arbeidstakar-samanslutning, Landsorganisasjonen i Norge (LO), ved fleire høve har uttalt at arbeidsinnvandringa vil føra til ei skeivare inntektsfordeling i Noreg fordi det blir kraftige innslag av låglønnskonkurranse. Dette medlem vil mellom anna visa til at Reegård i ABC Nyheter-artikkelen «– All sysselsettingsvekst i Norge går til utlendinger», publisert 2. oktober 2014, seier følgjande:

«– Med fallende organisasjonsgrad, som har noe sammenheng med innvandringen, blir det [inntektspolitiske samarbeidet og kompromisset mellom arbeid og kapital som ligger i den nordiske velferdsmodellen] vanskeligere. Og det blir vanskeligere å holde en jevn lønnsfordeling. Vi vil få et økende lavlønnspå problem på det grunn av dette, sier LO-økonomen.»

Denne medlemen seier seg heilt samd med denne vurderinga og vil gje Reegård ros for ved fleire høve å ha problematisert omfanget av innvandringa frå EØS.

Denne medlemen vil visa til at ifølgje Statistisk sentralbyrå (SSB) stod innvandrarar bak 60 pst. av sysselsettingsveksten i Noreg i åra 2002–2012. I siste halvdel av denne perioden auka talet på innvandrarar i Noreg med 212 700. I perioden 2007–2012

var det ein nedgang i tal sysselsette i majoritetsfolkesetnaden på om lag 16 000, medan innvandrarak hadde ein auke på nesten 121 000 sysselsette, noko som gjev ein nettoauke på om lag 105 000 totalt.

I perioden 2004–2013 utgjorde personar frå aust-europeiske land i Den europeiske union (EU) om lag 45 pst. av all nettoinnvandring til Noreg. I tiårsperioden før den store austutvidinga av EU var tilsvarande tal 6 pst. Nettoinnvandringa til Noreg i 2011 og 2012 utgjorde i snitt 1 pst. av befolkninga, og Noreg hadde i desse åra den største innvandringa i Europa.

Denne medlemen vil vidare visa til at i perioden 2008–2013 fekk 127 000 fleire utlendingar arbeid i Noreg medan det for norskfødde var ein nedgang på 23 000 sysselsette. Samstundes har sysselsettingsrata falle.

Denne medlemen meiner Stortinget i drøftingar av tiltak for personar med nedsett arbeidsevne ikkje lenger kan sjå bort frå at den svært store tilstrøyminga av utanlandsk arbeidskraft til Noreg dei ti siste åra har vore så stor at fortrengingseffekten har vore den mest markante. Fortrengingseffekt vil seia at etablerte arbeidstakarar eller personar som står svakt på arbeidsmarknaden risikerer å bli utkonkurerte av ny arbeidskraft frå utlandet. Både innvandrarak og personar med redusert arbeidsevne er døme på grupper som er utsette for denne konkurransen. Personar med nedsett arbeidsevne blir i dag pressa ut av arbeidsmarknaden. Utstøyttingsmekanismane er fleire.

Denne medlemen vil vidare visa til at medan pris- og lønsvekst på kort sikt blir noko dempa av den store innvandringa, skapar òg innvandringa eit ekstra behov for arbeidskraft. Innvandrarak treng til liks med dei som bur og arbeider her frå før både bustad, varer og tenester. Viktig er vidare at sjølv om ein-skildføretak i sin rekneskap opplever betre tal som følgje av tilgjenge på utanlandsk arbeidskraft, er ikkje vilkåret for styrking av statsfinansane over tid oppfylt. Grunnar til dette i tillegg til fortrengingseffekten er skilnader i sysselsetting gjennom livsløpet. Typiske kjenneteikn ved innvandrarak som kjem til Noreg for å arbeida, som oftast omtalt som arbeidsinnvandrarak, er at desse er unge i alder og ved god helse samanlikna med gjennomsnittet av dei som bur i Noreg frå før. Slik blir denne nye arbeidskrafta ofte meir attraktiv for arbeidsgjevarar enn norske arbeidstakarar som treng tilrettelegging av ulik grad. Vidare er det slik at samstundes som utanlandsk arbeidskraft blir sett på som eit fleksibelt reservoar av relativt billig arbeidskraft for mange arbeidsgjevarar, veit ein framleis lite om deira framtidige helse og livskvalitet. Rapporten «Den nordiske modellen mot 2030 – Et nytt kapittel?» skriv m.a. følgjande om arbeidsinnvandrarak og levekårsproblem:

«Det er likevel ikke slik at arbeidsinnvandrere slipper helt unna de levekårsproblemene som en del andre innvandrergupper erfarer. Også arbeidsinnvandrerne har større risiko for levekårsproblemer enn majoritetsbefolkningen. De har større risiko for å bli arbeidsledige, og de har dårligere lønns- og arbeidsvilkår (Djuve & Grødem, red. 2014:97).»

Denne medlemen viser til at den svært store tilstrøyminga av utanlandsk arbeidskraft til Noreg dei ti siste åra er ein konsekvens av at Noreg er del av Den europeiske unions (EUs) felles arbeidsmarknad gjennom avtalen om EØS. Til liks med EU er òg fri rørslle av varer, personar, tenester og kapital pilarane i EØS.

Denne medlemen meiner det er eit paradoks at mange av dei som hevdar å vera dei største forsvararane av norske arbeidstakarar sine rettar, men ikkje er villige til å kritisera Noregs tilslutnad i EØS sjølv om EØS påfører mange norske arbeidstakarar og det norske samfunnet store negative verknader. Det svært store omfanget av borgarar frå EU-land der løns- og kostnadsnivået er monaleg lågare enn det norske, har pressa ned løner i fleire bransjar og samstundes svekka vilkåra for tilsette i desse bransjane.

Denne medlemen vurderer dagens system som korkje solidarisk eller berekraftig på sikt, og vil mellom anna difor erstatta EØS-avtalen med handels- og samarbeidsavtaler med EU. Nasjonalstatane må igjen på sjølvstendig grunnlag få høve til å regulera og utvikla sine arbeidsmarknader til beste for sine egne innbyggjarar.

Denne medlemen viser til at Senterpartiet meiner sterkt at norske styresmakter må leggja til rette for at sysselsettinga i Noreg skal vera høgast mogleg. Høg sysselsetting er ein føresetnad for Norges universelle velferdsordningar. Når ein fremjar nye tiltak for å få fleire personar med nedsett arbeidsevne sysselsett, må ein difor òg vurdere konsekvensane det sær store omfanget av utanlandsk arbeidskraft frå EØS-området har for sysselsetting av personar som alt står svakt i den norske arbeidsmarknaden.

Dette medlem fremjar på denne bakgrunn følgjande forslag:

«Stortinget bed regjeringa leggja fram ei vurdering av konsekvensane for sysselsettjing av personar med nedsett arbeidsevne som følgje av det svært store omfanget av utanlandsk arbeidskraft frå EØS-området.»

Medlemen i komiteen frå Venstre meiner det er viktig å leggje til rette for yrkesaktivitet for dei med redusert arbeidsevne. Mange som ikkje kan arbeide i full stilling, kan likevel gjere ein monaleg innsats for eksempel i deltidstillingar, tidsavgrensa oppdrag og gjennom tilpassa arbeidsoppgåver. Godt under halvparten, nærmare bestemt 41 pst., av funk-

sjonshemma i aldersgruppa 16–66 år, deltek i arbeidslivet. Til samanlikning er delen sysselsette i heile befolkninga på nær 75 pst. Samtidig viser tidlegare undersøkingar frå mellom anna SSB at blant dei ikkje-sysselsette funksjonshemma er det om lag 27 pst. som seier at dei ønskjer å kome i arbeid. Denne medlemen meiner det er viktig å ta dette ønsket på alvor, og at det også vil vere samfunnsøkonomisk lønnsamt om ein lukkast.

Denne medlemen viser til Fafo-rapport 2013:54, «Inkludering av personar med nedsett arbeidsevne», som peikar på ei rekkje forhold som fungerer som barrierar for arbeidssøkjjarar med nedsett funksjonsevne i møte med arbeidslivet. Eitt moment her er at nedsett arbeidsevne feilaktig blir assosiert med redusert arbeidsevne. Eit anna moment er korleis arbeidsgivar vurderer risiko ved rekruttering av personar med nedsett arbeidsevne. I den samanhengen slår rapporten fast at det å ha erfaringar med tilsette med nedsett funksjonsevne, gir meir positive haldningar. Eit siste moment er mangel på tilstrekkeleg tilrettelegging og utfordringar med å få føremålstenleg tilrettelegging.

Denne medlemen ser fram til regjeringa si varsla stortingsmelding på dette området og kjem til å følgje den opp nøye.

Forslag fra mindretall

Forslag fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringa utarbeide og på eigna måte leggje fram for Stortinget ein strategi for å sikre betre arbeidsmoglegheiter for menneske med nedsett arbeidsevne og i den samanheng vurdere følgjande:

- Følgje opp og vidareutvikle ungdomsgarantiane for dei under 30 år.
- Vidareutvikle «Jobbstrategien for personer med nedsatt funksjonsevne».
- Sikre fleire tilpassa arbeid i offentleg sektor for menneske med nedsett arbeidsevne.
- Utvikle fleire traineeprogram, nye utprøvningsjobbar og opplæringsstillingar, med vekt på grupper som i dag står utanfor arbeidslivet, særleg personar med psykiske lidningar og personar med nedsett funksjonsevne.
- Tiltak for å auke delen graderte sjukmeldingar.

- Utvikle fleire verkemiddel som kan understøtte framleis arbeidstilknytning i sjukepengeperioden og ei meir aktiv og understøttande rolle for arbeids- og velferdsetaten ved sjukefråver.
- Tiltak for å styrkje arbeidsgjevar sine insentiv til framleis tilknytning etter avslutta sjukepengeperiode.
- Sikre sjukmelde utan arbeidsgjevar ei god oppfølging frå Nav.
- Lågare inngangskrav i AAP-ordninga enn dagens krav om 50 prosent nedsett arbeidsevne for personar som har overgang frå sjukepengar.
- Gradering i AAP-ordninga til erstatning for dagens avkortingsreglar.
- Tiltak for raskare avklaring av personar på AAP, og vurdere om maksimal stønadsperiode på fire år er høveleg.
- Eit meir aktivt oppfølgingsopplegg for mottakrarar av AAP.
- Arbeidsretta hjelp til personar med gradert uførepensjon.
- Vidareutvikle både tidsubestemt lønstilskot og tidsavgrensa lønstilskot.
- Sikre personar på attføring god individuell oppfølging og attføringsbedriftene føreseielege rammevilkår.

Forslag fra Senterpartiet:

Forslag 2

Stortinget bed regjeringa leggja fram ei vurdering av konsekvensane for sysselsettjing av personar med nedsett arbeidsevne som følgje av det svært store omfanget av utanlandsk arbeidskraft frå EØS-området.

Komiteens tilråding

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til representantforslaget og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

Dokument 8:73 S (2013–2014) – representantforslag frå stortingsrepresentantane Fredric Holen Bjørdal, Dag Terje Andersen, Anette Trettebergstuen og Lise Christoffersen om strategi for betre arbeidsmoglegheiter for menneske med nedsett arbeidsevne – vedlegges protokollen.

Oslo, i arbeids- og sosialkomiteen, den 18. november 2014

Arve Kambe
leder og ordfører

Vedlegg**Brev fra Arbeids- og sosialdepartementet v/statsråden til arbeids- og sosialkomiteen, datert 10. juni 2014****Representantforslag 73 S (2013-2014) frå stortingsrepresentantane Fredric Holen Bjørdal, Dag Terje Andersen, Anette Trettebergstuen og Lise Christoffersen om strategi for betre arbeidsmoglegheiter for menneske med nedsett arbeidsevne**

Eg viser til brev av 26. mai d.å. frå arbeids- og sosialkomiteen vedlagt representantforslag 73 S (2013-2014) frå stortingsrepresentantane Fredric Holen Bjørdal, Dag Terje Andersen, Anette Trettebergstuen og Lise Christoffersen om strategi for betre arbeidsmoglegheiter for menneske med nedsett arbeidsevne. Komiteen ber om mi vurdering av forslaget.

Sjølv om vi har høg sysselsetjing og låg arbeidsløyse, er det ei særleg utfordring at mange i yrkesaktiv alder står utanfor arbeidslivet og tek imot offentlege ytingar. Dette forsterkast av at ein stadig mindre del av befolkninga er i yrkesaktiv alder. Mange har nedsett arbeidsevne. Ei viktig oppgåve framover er å medverke til at fleire personar med nedsett funksjonsevne eller helseproblem får ta i bruk si arbeidsevne. Så langt har vi ikkje lykkast godt nok med å hjelpe dei over i arbeid. Betre inkludering av utsette grupper i arbeidslivet er eit av hovudmåla for denne regjeringa.

I representantforslaget vert det presentert ei rekke forslag som ledd i ein strategi for å betre moglegheitene til arbeid for menneske med nedsett arbeidsevne. Representantforslaget byggjer på drøftingar i Meld. St. 46 (2012-2013) *Flere i arbeid* som regjeringa Stoltenberg II la fram 9. august 2013. Meldinga vart overbrakt det nye Stortinget.

Fleire av forslaga som vart drøfta i meldinga krevde meir utgreiing, og var etter mi vurdering ikkje konkrete nok. Eg trakk difor Meld. St. 46 (2012-2013) *Flere i arbeid* tilbake hausten 2013. Eg varsla då at regjeringa ville kome tilbake til Stortinget med eigne vurderingar og forslag i ei ny melding.

I den nye meldinga vil det vere ein brei gjennomgang av arbeidsmarknadspolitiske strategiar og tiltak for å medverke til at fleire kan delta i arbeidslivet, og hindre at arbeidstakarar fell heilt ut av arbeidslivet. Vi legg i meldinga opp til å sjå nærmare på kva for verkemiddel som kan få fleire med nedsett arbeidsevne eller funksjonsevne i arbeid. Fleire av forslaga som er nemnde i representantforslaget, vil vere aktuelle å drøfte i den nye meldinga. Særleg vil eg leggje vekt på å forbetre og utvikle verkemiddel som legg betre til rette for bruk av ordinært arbeidsliv som kvalifiseringsarena, til dømes gjennom auka bruk av lønstilskott.

Eg vil i den nye meldinga og sjå på korleis arbeidslivet skal innrettast for å gjere det enklare å kome inn i arbeidslivet. Vi ønskjer ein trygg, men fleksibel arbeidslivspolitik. Regjeringa ser på arbeidsmiljølova for å tilpasse ho til eit meir moderne samfunn. Det tyder mellom anna å gje større rom for mellombelse tilsetjingar.

Gradering av sjukefråvær kan for mange sjukmeldte vere eit viktig grep for å sikre tilknytning til arbeidsplassen. Departementet følgjer difor med på utviklinga i bruken av gradert sjukmelding, både gjennom styringa av Arbeids- og velferdsetaten og gjennom publisering av statistikk og aktuell forskning. I den nye IA-avtalen er Regjeringa og partane i arbeidslivet samde om at det framleis er ynskjeleg å legge til rette for økt bruk av graderte sjukmeldingar. Regjeringa la 23. mai fram ein lovproposisjon med forslag til forenkling av regelverket for oppfølging av sjukmeldte arbeidstakarar. Lovproposisjonen tydeleggjer blant anna at Arbeids- og velferdsetaten skal kunne ha ei meir aktiv rolle tidlegare i sjukefråværsperioden. Forslaga om forenkling og mindre byråkrati i oppfølginga av sjukmeldte arbeidstakarar inneber at det vil bli frigjort ressursar både på arbeidsplassane og i Arbeids- og velferdsetaten. Dette gir grunnlag for ein tidlegare, konstruktiv dialog om relevante sjukefråværstiltak.

Arbeids- og velferdsetaten har hovudansvaret for oppfølginga av sjukmeldte utan eit arbeidsforhold, og desse skal som hovudregel følgjast opp som andre brukarar utan arbeid. Arbeids- og velferdsdirektoratet skal rapportere på denne oppfølginga. Rapporteringa viser at det framleis er for få av dei sjukmeldte utan arbeidsgjevar som vert følgde opp innan gitte fristar. Eg vil følgje den vidare utviklinga, og sette i verk fleire tiltak viss det viser seg nødvendig.

Fleirtalet av dei som har nedsett arbeidsevne er mottakarar av arbeidsavklaringspengar (AAP). Den kommande stortingsmeldinga om arbeid vil blant anna gå gjennom ulike sider ved ordninga og den oppfølginga som AAP-mottakarane får frå Arbeids- og velferdsetaten. Samtidig vil eg presisere at arbeidsavklaringspengar er ei relativt ny ordning, og det er førebels lite kunnskap om dei meir langsiktige effektane av ordninga. For å sjå om ordninga fungerer etter hensikta, er det naudsynt å sjå heile perioden på AAP i samanheng. Oppfølgingsintensiteten, samt resultata i form av overgang til arbeid eller uførepensjon i perioden 2010–2013, kan ha vore prega av at

ingen nådde maksimal stønadperiode på arbeidsavklaringspengar før 1. mars 2014.

AAP-ordninga har no eksistert i fire år, og det er difor på tide å evaluere ordninga. Mellom anna er Sintef i gang med eit større prosjekt som skal gi meir kunnskap om korleis ordninga fungerer i praksis. Eg meiner det er viktig å ha eit godt kunnskapsgrunnlag før vi eventuelt foreslår større regelendringar på AAP-området. Den kommande stortingsmeldinga om arbeid vil diskutere viktige problemstillingar og skissere det vidare arbeidet med å vurdere ordninga.

Meld. St. 46 (2012-2013) *Flere i arbeid* drøfta mellom anna utfordringane med unge menneske som står i fare for å falle utanfor arbeid og utdanning. Eg deler uroa for at unge menneske fell varig utanfor utdanning og arbeidsliv. Samfunnet går glipp av verdfull arbeidskraft og mange unge menneske får ikkje brukt sine evner og ressursar i arbeidslivet, og kan difor heller ikkje forsørge seg sjølve. Unge som mistar tilknytning til arbeid og utdanning, står og i fare for å miste tilknytning til viktige sosiale nettverk. Meldinga foreslo blant anna ei utviding av målgruppa for garantiordninga for unge med nedsett arbeidsevne. Dette følgde regjeringa opp i statsbudsjettet for 2014. Eg vil fortsette arbeidet med garantiordningane for unge med sikte på å få til god måloppnåing.

Garantiordningane for unge er likevel berre ein del av det arbeidet NAV-kontora gjer for å få unge i arbeid eller utdanning. Det er breidda av tiltak og verkemiddel som er viktig for å lykkast i oppfølginga av unge, saman med målretta og godt samarbeid med andre aktørar. Vi har difor vidareført Jobbstrategien for personar med nedsett funksjonsevne i 2014. Her vert det særleg satsa på unge under 30 år for å få fleire unge i jobb.

Mange av dei som registrerer seg som arbeidslause hos Arbeids- og velferdsetaten, har ikkje fullført vidaregåande opplæring. Etterspørselen etter ufaglærte på arbeidsmarknaden vert over tid svakare. Har ein svake kunnskapar og ferdigheiter, er ein og meir sårbar ved omstillingar i arbeidslivet. Regjeringa vil derfor utvikle ein ny og heilskaplig politikk for personar som har svake grunnleggjande ferdigheiter. Kunnskapsdepartementet, Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet og Arbeids- og sosialdepartementet arbeider no saman om ei melding til Stortinget. I denne meldinga vil vi og vere opptekne av situasjonen for utsette unge, og tiltak og strategiar for personar utan fullført vidaregåande opplæring.

Det er særleg viktig at unge kjem raskt ut av NAV-kontoret og inn i eit aktivt tilvære. Arbeids- og sosialdepartementet har nå sendt på høyring eit forslag om å innføre krav til aktivitet for mottakarar av sosialhjelp, med særleg fokus på lågterskeltiltak og arbeidstrening for unge for å fremje overgang til arbeid. I dag har NAV-kontoret ein rett, men ikkje ei plikt til å stille vilkår ved tildeling av økonomisk stø-

nad, og det er stor variasjon i kommunane sin bruk av denne retten. Regjeringa ønskjer både auka bruk av vilkår om aktivitet ved tildeling av sosialhjelp og meir lik praksis mellom kommunane. Regjeringa foreslår difor ei lovendring som inneber at NAV-kontora får både rett og plikt til å bruke vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad med mindre tungtvegande grunnar taler mot det.

Uavhengig av dei nye meldingane, er det behov for raskt å kome i gong med å gjere endringar, slik at fleire som i dag står utanfor arbeidslivet kan kome i jobb. Skal vi lykkast med å få fleire i arbeid, må vi og fornye og styrkje tiltaksarbeidet. Det er gjennom åra oppretta mange overlappende ordningar som gjer systemet komplisert og uoversiktleg. Det er difor naudsynt å forenkle regelverket for arbeidsmarknadstiltaka slik at arbeidsgjevarar og arbeids-søkjarar lettare kan få oversikt over den hjelpa arbeids- og velferdsforvaltninga kan gje, og tiltaka kan verte lettare å ta i bruk.

Forslag om å forenkle og slå saman overlappende ordningar innanfor avklarings- og oppfølgingsområdet er nå sendt på høyring. Samstundes foreslår regjeringa å leggje opp til eit større mangfald av leverandørar og fagmiljø i attføringsarbeidet gjennom å kjøpe avklarings- og oppfølgingstenestene. Det er viktig for tenesteutviklinga på arbeidsmarknadsområdet at fleire aktørar kan sleppe til. Det vil gje brukarane større valfridom i tenestetilbodet. I tillegg har vi lagt til rette for ei auke i talet på tiltaksplassar for personar med nedsett arbeidsevne i 2014. Det er eit løft for dei som står i fare for å hamne heilt eller delvis utanfor arbeidslivet, og det kjem og funksjonshemma med nedsett arbeidsevne til gode.

Eg vil vidare leggje grunnlaget for ei god vidareutvikling av arbeids- og velferdsforvaltninga slik at vi kan nå dei langsiktige måla med NAV-reformen. Ein viktig føresetnad for dette er at NAV-kontora fungerer godt. NAV har ei sentral rolle i arbeidet med å hjelpe personar som ikkje klarer å kome i jobb på eigenhand. For å få gode råd om korleis vi best kan lykkast med dette, har eg mellom anna snakka med NAV-tilsette om deira røynsler, og eg har invitert brukarar til å dele sine historier direkte med meg. Med bakgrunn i dette har eg nedsett ei ekspertgruppe som skal gå gjennom arbeids- og velferdsforvaltninga, og spesielt sjå på NAV-kontoret sin innsats. Målet med dette arbeidet er å hjelpe fleire frå trygd til arbeid, gjennom mellom anna å gjere ting enklare og medverke til betre brukaropplevingar. Gjennomgangen har søkjelyset på heile NAV-kontoret si verksemd. Ekspertgruppa vil arbeide fram til midten av mars 2015.

Representantforslaget reiser fleire gode forslag for å nå målet om å få fleire i arbeid. Fleire av forslaga i representantforslaget vil som nemnt vere aktuelle å drøfte i den nye meldinga.